Teknologi og innovasjon

Individuell oppgåve

Oppgåve 1: Skriv rett fagord til rett forklaring.

teknologiske løysingar	automatisering	kunstig intelligens
teknologi	programmering	innovasjon

1. _____ er å la maskiner eller system gjere arbeid som menneske vanlegvis gjer, til dømes når robotar analyserer prøver i eit laboratorium.
2. _____ er å finne nye og smarte løysingar på problem, til dømes å utvikle meir effektive solceller for å utnytte solenergi betre.
3. _____ er korleis vi bruker kunnskapen vår til å løyse problem og forbetre livskvaliteten vår gjennom meir effektive prosessar, til dømes å lage nye medisinar.
4. _____ er metodar eller verktøy vi lagar med teknologi for å løyse oppgåver eller utfordringar, til dømes å bruke 3D-printing til å lage protesar eller laboratorieutstyr.
5. _____ er å lage instruksjonar som får datamaskiner til å gjere det vi vil, til dømes å programmere ein datamodell for å føreseie klimaendringar.
6. _____ er teknologi som kan lære å tenkje som menneske, og kan til dømes brukast til å analysere store mengder forskingsdata for å finne mønster i sjukdomsutbrot.

Oppgåve 2: Skriv forklaringa.

a) Finn fagordet «teknologi».
Skriv forklaringa.



b) Finn fagordet «sensorar».
Skriv forklaringa.



c) Finn fagordet «programmering».
Skriv forklaringa.



d) Finn fagordet «innovasjon».
Skriv forklaringa.



Oppgåve 3: Skriv ein tekst.


- Du skal skrive ein enkel tekst på 150-300 ord.
- Du skal bruke 5 fagord eller fleire. Du kan bruke fagomgrep frå andre kapittel òg.
- Vel oppgåve a) eller b).

a) Korleis påverkar teknologi livet vårt?

Skriv om korleis teknologi og innovasjon forandrar kvardagen vår.

- Kva for teknologiske løysingar bruker du i kvardagen?
- Kva betyr innovasjon?
- Korleis har teknologi gjort skulen, jobben eller fritida enklare?
- Korleis trur du teknologien i framtida vil påverke livet ditt?

Eksempel på fagord som du kan bruke:
teknologi, innovasjon, teknologiske løysingar, automatisering, sensorar, programmering og kunstig intelligens



b) Kva betyr kunstig intelligens for oss?

Skriv om korleis kunstig intelligens blir brukt i dag og korleis han kan påverke samfunnet i framtida.

- Kva er kunstig intelligens, og korleis skil han seg frå vanleg programmering?
- Kvar bruker vi kunstig intelligens i kvardagen allereie (til dømes i mobilen, på nettet eller i bilen)?
- Kva fordelar og ulemper kan kunstig intelligens ha for menneske og arbeidsplassar?